

Ungdomspanelet har hatt ein intern workshop om saka på møte den 11.03.23. Videoopptak av orienteringa som blei halden for fylkesleiarnettverket den 24.01.23 blei vist til panelet før behandling. Både innspel frå diskusjonen og skriftlege innspel er samla her for kvart enkelt spørsmål:

1. Kva fordelar ser dokke ved bruk av digitale verktøy som samlar data for å gjere læringa betre?

Vi ser mange fordelar med adaptive læringsverktøy. Den som er lettast å legge merke til for elevane er nok ein større meistringskjensle i skulekvardagen. Når nivået på oppgåver er tilpassa kvar enkelt elev, får alle elevar oppgåver som opplevast som nyttige, noko som ikkje alltid er tilfelle i dag. Meistringskjensla er relevant både i læring, men og i vurderingssituasjonar.

I tillegg vil oppgåver på «rett» nivå gjere læringa meir effektiv. Elevar med forskjellig utgangspunkt i eit fag slepp å bruke tid på oppgåver som er for lette eller for vanskelege, og vil dermed få ein betre læringskurve. I tillegg forskjellsbehandlar slike verktøy elevar utelukkande basert på oppgåvesvar. Ein unngår dermed forskjellsbehandlinga som kan oppstå grunna eleven sin relasjon til lærar.

Vi ser også at læraren har stor nytte av adaptive læringsverktøy. Informasjon frå desse vil gi gode grunnlag for elevsamtalar og fagsamtalar, og kan gi læraren betre oversikt over klassa.

Undervisninga og oppfølginga har dermed potensiale til å vere meir tilrettelagt. I tillegg kan adaptive læreverktøy spare lærarar for tid, som dei kan bruke på andre ting.

Kunnskapsgrunnlaget ein får er relevant også for politikarar og andre beslutningstakarar når ein skal gjere endringar på systemnivå lokalt, regionalt og nasjonalt. Den store mengda data som kan bli samla inn gjennom slike system skal ikkje undervurderast.

2. Kva for utfordringar ser dykk ved at digitale verktøy blir brukt til å samle data og at disse dataene vert brukt av lærer?

Ungdomspanelet diskuterte utfordringar som kan oppstå, og vi kom fram til desse:

Første utfordringa vi ser er under prøvesituasjonar. Det er urettferdig at ikkje alle får moglegheit til å bli utfordra på det same som dei flinke. Ein svakare elev kan vise utrekningar skriftleg, sjølv om svaret kan være feil. Dette ser ikkje læraren digitalt på ei digital prøve. Lærarar kan misbruke det digitale verktøyet på følgjande måtar: Oppgåvene skal i utgangspunktet ikkje brukast til vurdering, særleg ikkje med tanke på tidsbruk, likevel veit vi at nokre lærarar kan misbruke dette. Vi meiner også at elevar over VG1 burde ta ansvar for si eiga læring utan at læraren krev eit visst tidspålegg på oppgåver kvar veke.

Eit anna punkt vi diskuterte var innsynet læraren burde ha. Meiningane var delte om kor mykje innsyn læraren skal ha i kor lang tid eleven gjer lekser, grunna personvern. Samstundes meinte nokre av oss at dette kunne hjelpe læraren med å sjå utfordringane til kvar enkelt elev. Vi blei samde om at lærarar burde kunne sjå gjennomsnitt/medianverdiar for heile klassa og kva ein svarer korrekt på. Ikkje minst snakka vi om at lærarar ikkje skal sjå klokkeslett. Grunnen er personvern og privatliv utanfor skulen. Somme kan til dømes jobbe, og andre kan konsentrere seg betre på andre tidspunkt.

3. Kven skal ha tilgang på den informasjonen som vert samla inn?

Vi har en del forskjellige meninger om kven som bør ha tilgang. Det vi er einige om er at foreldre til barn/ungdom over 15 ikke bør få informasjon. Vi mener også at alle, lærarar, byråkratar,

politikarane og flere bør ha tilgang til anonymisert data. Det vi er uenige om, er i kor stor grad faglærarar og kontaktlærarar skal ha tilgang til individuell data. Dette heng sammen med at elevar, inkludert oss sjølve, har varierende grad av tillit til forskjellige lærarar.

4. Korleis skal elevar og studentar få informasjon om kva slags data som samlast inn og korleis dei brukast?

Vi kom fram til ulike måtar å gi elevar og studentar informasjon på. Vi ønsker at det skal vere ein opplæring og informasjonsbolk på starten av skuleåret, der læraren informerar klassen om kva slags data som samlast inn og korleis dei skal brukast. Det er også viktig at kvar enkelt elev kan sjå sin eigne statistikk, på lik linje som lærar - til dømes går det an å bli tilsendt ein e-post på slutten av kvar månad, med din statistikk. I tillegg kan ein ha bokser med informasjon inne på relevante nettsider.

5. Korleis skal unge vere med på å bestemme kva data som samlast inn, og kva dataen blir brukt på?

Ungdomspanelet synast det er særdeles viktig å bruke dei samlingane av ungdom som allereie jobbar målretta for å fremme ungdom sin stemme i saker som dette. Elevorganisasjonen, Elevtinget, elevråd, kommunale ungdomsråd og fylkeskommunale ungdomsråd er nokre som er nemnt. Denne saka er og noko som viser behovet for eit nasjonalt ungdomsråd. Vi synast det bør utviklast elevundersøkingar og evalueringar for å få ei breiare forståing av kva elevmassen synast. Dette bør gjerast meir enn ein gang. Eit forslag for at den enkelte elev får vere med i prosessen om kva informasjon som delast om vedkommande, er ein samtale med kontaktlærar, med ein eventuell skriftleg avtale. Det var og diskutert ei instilling på nettsida der eleven kan krysse av for kva informasjon som skal bli delt.

Ungdomspanelet takkar for initiativet til å inkludere ungdom i denne saka.